



12.2.2024

Volda kommune
postmottak@volda.kommune.no

FRÅSEGN – OFFENTLEG ETTERSYN – AKVAKULTURSØKNAD OM UTVIDING AV LOKALITET FOR MATFISK AV TORSK PÅ ALIDA I VOLDA KOMMUNE

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda, og Naturvernforbund i Møre og Romsdal har uttalt seg til søknad på denne lokaliteten tidlegare. I tillegg har Norges Naturvernforbund klaga på vedtaket som blei gjort hausten 2021. Når det gjeld utvidinga som no er på høyring, har vi avtala at fråsegn blir sendt frå fylkeslaget.

Klage under handsaming

Naturvernforbundet klaga 22.12.2021 på etableringa av torskeoppdrett i Alida, og denne er til handsaming i Fiskeridirektoratet framleis. Klaga gjeld tema som har verknad både for den første søknaden som har fått konsesjon, og den nye søknaden om utvida konsesjon. Klagehandsaminga bør difor fullførast før ein tar stilling til den nye søknaden, om ikkje søknaden no blir avslått.

Auka volum

Auka volum gjev auka risiko for rømming og det vert ei større belastning av fjordområdet med tanke på ureining. Samla oppdrettsvolum i fjordsystemet er auka sidan hausten 2021, slik at sumverknad må vurderast på nytt.

Skal vi behalde kvaliteten på fjordane våre for komande generasjonar, kan vi ikkje tillate at dei blir brukt som mottakarar av all slags ureining. Vi kan heller ikkje la kortsiktige økonomiske vurderingar bli meir vektlagt enn økologiske omsyn. Vi vil framheve at naturvern må vere overordna i forvaltinga av vassmiljøa våre. Kommunen, fylkeskommunen og Statsforvaltaren må faktisk vurdere miljøkonsekvensane for fjordsystemet før ei utviding av lokaliteten blir godkjent, ifølgje Naturmangfaldlova (2009). Vi vil difor oppmode dei nemnte om å setje foten ned for vidare vekst i arealbruk for oppdrett av omsynet til dei ville torskebestandane i fjordområda.

I dokumenta er det sagt at anlegget skal utvidast frå 10 til 15 ringar. Vidare ei auka biomasse frå 3599 til 7020 tonn. I behovsnotatet finn vi: «*En utvidelse av anlegget vil legge til rette for en økt kapasitet for produksjon, samtidig som forhold knyttet til fiskehelse og fiskevelferd blir forbedret med mer plass til fisken og bedre fleksibilitet for produksjonen.*»

Når biomassen omtrent blir dobla og ringane aukar frå 10 til 15, så ser ikkje vi heilt korleis dette gjev meir plass til fisken. Søkjar har tidlegare vist til at dei gjev fisken meir rom for å auke fiskevelferda og redusere risiko. Viss grunnlaget for dette ikkje lenger er tilfelle, så må dette gå inn i vurderinga av søknaden no.

Auka risiko for rømming – meir ureining

Ei auke i biomassen frå 3599 til 7020 tonn tilsvarar ein auke i antal torsk frå omtrent 900 000 til omtrent 1,8 millionar torsk om ein reknar ei snittvekt på 4 kilo. Med nesten 2 millionar torsk i merdene vil dette få katastrofale konsekvensar ved ei eventuell rømming, og ein kan få endå større rømingstal enn ved røminga i Alida i 2022. Det er også 1,8 millionar torsk som har avføring, og ein del fôrrestar går ut i fjordsystemet. Det er diverre ingen vitskapleg dokumentasjon på at oppdrettstorsken har slutta å rømme, og Havforskningsinstituttet rår til ein forsiktig vekst i næringa inntil den nye kunnskapen er på plass (Grefsrud mfl. 2022, avsnitt 11.1). Det er ikkje nødvendig å utvide lokaliteten i Alida for å få til ei forsiktig auking.

Vi er også bekymra for gyting i merd. Ode skriv i sin søknad at det er god avstand til registrerte gytefelt i området (5,2 km til Dalsfjord, 7 km til Ørstafjorden og 7 km til Selvågdjupet). Vi vil hevde at dette er *kort* avstand, og risikoen for at befrukta egg frå oppdrettstorsk vil kunne overleve til kjønnsmoden torsk og bidra til gyting i gytefelt, er til stades (Jørstad mfl. 2008; van der Meeren mfl. 2012). Etter det vi høyrer blir det i fjorden framleis fiska torsk frå røminga for halvanna år sidan.

I behovsdokumentet finn vi nokre utsegner som vi er usikre på kva tyder:

«*I driftsperioden har det ikke vært behov for behandling mot parasitter eller bakterielle infeksjoner.*» Viss det ikkje har vore behandling for noko anna heller, så er dette truleg greitt. Viss det er noko som er behandla som ikkje er nemnt, så er det ein mangel. Formuleringa er ikkje eigna til full avklåring.

«*Dødelighet relatert til sykdom har generelt vært lav gjennom hele produksjonen.*» Kva som ligg i låg har interesse. For laks blei det nyleg opplyst at 16% av fisken døyde undervegs i produksjonen.

«*Diagnoser ved rutineobduksjoner har vært tarmslyng, tarminvaginasjon, tarmavstøtning, enteritt, avmagret fisk, gjellebetennelse og deformiteter i ryggrad, hode og kjeve.*» Også her er det formuleringar som gjer at ein er usikker på om alt er nemnt. Vidare har det stor interesse kva mengde det er tale om. Ved rømingsepisoden blei det nemnt noko om at levra i fisken var vesentleg større enn fiskestorleiken skulle tilseie. Vidare registrerte vi utsegner om at det var samanveksingar i buken. Dette ser vi ikkje noko om.

Oppsummering

Naturvernforbundet vil rå frå at Volda kommune/fylkeskommunen gjev Ode utviding av torskelokaliteten Alida på grunn av omsyn til kysttorsken i fjordområdet og fordi klagen på etableringa av anlegget framleis er til handsaming hos Fiskeridirektoratet.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Kjelder det er vist til:

Grefsrud, E. S. mfl. (2022). Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2022. Havforskningsinstituttet. <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2022-12>

Jørstad, K.E., van der Meeren, T., Paulsen, O.I., Thomsen, T., Thorsen, A. & Svåsand, T. (2008). “Escapes” of eggs from farmed cod spawning in net pens: recruitment to wild stocks. *Reviews in Fisheries Science* 16: 285–295. <https://doi.org/10.1080/10641260701678017>

Naturmangfaldlova (2009). *Lov om forvaltning av naturens mangfold*. LOV-2009-06-19-100. Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>

van der Meeren, T., Jørstad, K.E., Paulsen, O.I., & Dahle G. (2012). Offspring from farmed cod (*Gadus morhua*) spawning in net pens: documentation of larval survival, recruitment to spawning stock, and successful reproduction. *ICES CM* 2012/P:11. (in mimeo). <https://www.ices.dk/sites/pub/CM%20Documents/CM-2012/P/P1112.pdf>